



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Formannskapet	

Norsk innovasjonssenter AS - søknad om økonomisk deltaking

Samandrag:

Norsk Innovasjonssenter har vore ein grunnide som det har vore jobba med i ca 10 år der Volda kommune saman med m.a Møre og Romsdal fylkeskommune, Høgskulen i Volda, Sunnmøre Kulturnæringshage og andre har delteke gjennom forprosjekt og hovudprosjekt. Etter nyttår har det vore jobba med å spisse konseptet slik at det kan materialiserast. Selskapet er i gang med å hente inn kapital gjennom emisjon og kapitaltilskot for å utvikle prosjektet fram mot driftsfase. Selskapet vender seg til fleire aktørar i samband med kapitalinnhenting. Møre og Romsdal fylkeskommune, Høgskulen i Volda og Volda kommune er tenkt å vere likestilte når det gjeld garantiar for fellesromma/fasilitetane i innovasjonssenteret. I tillegg er Sparebanken Møre ein sentral part både i prosjektet og som garantist for lokala i innovasjonssenteret. Innovasjonssenteret skal vere ein sentral del av bygget i Aasenkvartalet som Volda Utvikling AS har fått i oppdrag å få realisert.

Norsk Innovasjonssenter AS (NIAS) søker Volda kommune om utløysande finansiering for realisering av Norsk Innovasjonssenter i Volda og kommunedirektøren rår til at kommunen involverer seg i selskapet med aksjekapital, tilskot og garantibeløp for større fasilitetar i senteret.

Innovasjonssenteret vil legge til rette for aktivitetar, arrangement, formidling og kontakt mellom privat og offentleg verksemd som byggjer opp under formålet der nyskaping, etablering, forskning og utvikling skjer tett samarbeid med partnarar og i samsvar med regionale behov.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Volda kommunestyre sluttar seg til strategien og satsinga om å realisere Norsk Innovasjonssenter AS og kjøper aksjer i selskapet Norsk Innovasjonssenter AS for 250 000 kr og yter eit eingongstilskot til selskapet pålydande 350 000 kr.
2. Samla sum kr 600 000 vert å dekkje ved bruk av ubunde disposisjonsfond.
3. Volda kommunestyre følgjer opp intensjonane som har vore lagde til grunn i tidlegare saker og inngår intensjonsavtale med Norsk Innovasjonssenter AS i tråd med dei økonomiske føresetnadane som låg til grunn i budsjett og økonomiplan for periode 2023-26.
4. Kommunestyret sluttar seg til at kommuneadministrasjonen held fram med å gi Norsk Innovasjonssenter AS fagleg bistand til at dei får gjennomført emisjonen/kapitalutvidinga og får styret på plass.

Saksopplysningar:

NIAS er eit sjølvstendig aksjeselskap som ikkje har binding til Volda Utvikling AS, og vil vere ein leigetakar på lik line med Høgskulen i Volda og andre private og offentlege verksemder i det nye bygget. Innovasjonssenteret blir ein nøkkelfaktor for auka samskaping mellom akademia og regionale verksemder, og vil gjennom bruk av spesialrom, utviklingslaboratorium og arbeidsallmenning kunne fasilitere nettverksbygging, kompetanseoverføring og FoU-prosessar. Dette er tenkt å gi rom for synergjar og nye former for samarbeid og verdiskaping i grensesnittet mellom regionalt privat og offentlig næringsliv, Høgskulen og studentar. Miljøet som kan knytast til innovasjonssenteret kan bidra til auka internasjonalisering og skape aktivitetar som i sin tur kan bidra til nå måla for grøn omstilling og berekraft i privat og offentlig sektor.

Norsk Innovasjonssenter AS (NIAS) søker Volda kommune om utløysande finansiering for realisering av eit innovasjonssenter i Volda;

- Oppstarts- og prosjektstøtte for perioden 2023-2025: 600 000 kr.
- Framtidig garantibeløp med verknad i perioden 2026-2031: estimert til 1 782 725 kr årleg frå opning av innovasjonssenteret i 2026 (jfr. Tabell 4 under).

Bakgrunn

NIAS vart skipa i 2019 av Sunnmøre Kulturnæringshage AS som per 17.04.2023 eig 100 prosent av aksjane. Generalforsamlinga i NIAS gjorde 25. november vedtak 2022 om kapitalutviding i selskapet gjennom ein retta emisjon, og Sunnmøre Kulturnæringshage AS forventar å bli ein minoritetsaksjonær etter den planlagde kapitalutvidinga.

Emisjonsprosessen i NIAS er planlagt avslutta 20. juni 2023, og i samband med at generalforsamling deretter godkjenner aksjeutvidinga vil det dei nye eigarane sette saman eit nytt styre med vekt på høg og relevant kompetanse som treffer selskapet sitt formål. Eksisterande styre vil foreslå for generalforsamlinga i NIAS at dei nye aksjonærane vel eit effektivt styre (4-5 personar) som i første utviklingsfase for selskapet får i oppgåve å tilsetje prosjektleiar, inngå intensjonsavtale om leigeforhold i ny bygningsmasse og utvikle selskapet i fyrste fase. I tillegg til kapitalutvidinga i NIAS hentar selskapet og inn tilskot til finansiering av aktivitetar som kan starte allereie frå hausten 2023.

Selskapet er og i dialog med fylkeskommunen og høgskulen for tilsvarende engasjement som er retta til Volda kommune. Utover dette er ein dialog med private firma der Sparebanken Møre er den toneangivande med ei støtte på 5 millionar kroner til senteret og Tussa med 300 000 kroner.

Innovasjonssenteret

Formålet er å fremje næringsutvikling og bidra til kommersialisering av viten som oppstår blant tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda. Ein skal vidare tilretteleggje for nyskaping, etablering, forskning og utvikling i tett samarbeid med partnerar og regionale behov.

Dette skal skje gjennom ulike aktivitetar, arrangement og formidling som bygger opp under formålet og ein skal søkje samarbeid, initiere, delta, skape og bidra til å kommersialisere idear.

Tiltaket skal auke tilgangen på kompetansearbeidskraft gjennom tettare samarbeid mellom regionalt næringsliv og studentar ved Høgskulen i Volda

Den overordna målsettinga er å bidra til å forsterke, utvikle og sikre tverrfagleg innovasjon i kompetansemiljø innan utdanning, forskning, privat og offentleg samarbeid regionalt knytt til kompetanse med fagleg utspring utdanningane ved Høgskulen i Volda.

NIAS skal fasilitere ein arena for samhandling, næringsutvikling, kunnskapsutveksling og tverrfagleg innovasjon til nytte for næringsliv, kommunar, helseføretak, studentar og fagmiljø ved Høgskulen i Volda.

For at ein skal lukkast vil det vere viktig at seks viktige areal vert etablert for å nå selskapet sitt mål.

To areal er kjerneområde i innovasjonssenteret;

- Arbeidsallmenning - soner som fungerer både isolert og samankopla. Arbeidsallmenningen på 350m² finn ein på mesaninen, og er den opne og fleksible samankopla samhandlingsarenaen i Norsk Innovasjonssenter. Kombinerer «ope kontorlandskap» med modulbaserte arbeidsplassar som er lette å flytte og omorganisere. Arbeidsallmenningen vil være omkransa av faste kontor som Norsk Innovasjonssenter AS leiger ut til innovative bedrifter og ressurspartnerar som til dømes Forskringsrådet, Innovasjon Norge, Fylkeskommunen, Sunnmøre Kulturnæringshage, oppdragseining og tenestetilbydarar av støttefunksjonar for eksisterande og nye verksemdar. Arbeidsallmenningen vil ha ulike skilde soner som kan koplast saman ved behov for samskaping
- Kontor – for kort og langtidsleige

Dei tre andre areala er ope tilgjengeleg og er ein del av totalkonseptet og er;

- ein Framtidssløyd - arbeidsverkstad (160m²) for prosessinnovasjon og tenestedesign (som Protomore LAB)
- eitt Handlingsrom - stort rom (500m²) til fleirbruk som sikrar fokusområde (som Møretanken)
- 11 ulike møterom for aktivitet, men og som er disponibelt for utleige for alle leigetakarar i bygget.

NIAS vil leige om lag 20 prosent av arealet i det nye bygget som vert reist på campus. Resten av arealet vert å leige ut til eksterne firma som vil kunne ha naturleg lokalisering i det nye bygget.

Det er utarbeidd ein eigen kravspesifikasjon for innovasjonssenteret som er sendt over til prosjektutviklar.

Ein viser elles til søknaden som ligg vedlagt saka.

Vurdering og konklusjon:

Etablering av kunnskapsparken Norsk Innovasjonssenter har sidan 2013 årleg vore forankra i Sunnmøre Kulturnæringshage sine handlingsplanar som er godkjende av SIVA som opererer det nasjonale næringshage- og inkubatorprogrammet for departementa. Det er naturleg å byggje eit innovasjonsmiljø som ei kopling mellom privat/offentleg næringsliv og academia i tilknytning til høgskular og universitet. Dette er gjort alle andre stader i landet der det er høgskule og universitet, og tida er inne for at vi får til dette også i Volda.

Prosjektet er forankra i ei rekkje fora som :

- Høgskulen i Volda (HVO) sitt styre og i utviklingsavtalen HVO har med Kunnskapsdepartementet.
- Volda kommune gjennom vedtak i formannskap og kommunestyre.

- Samarbeidsavtale av 2020 mellom Møre og Romsdal fylkeskommune, SIVA, Innovasjon Norge og Forskingsrådet om å støtte opp under arbeidet med etablering av kunnskapspark på Campus Volda

I april 2022 handsama kommunestyret ei sak (ligg vedlagt) om deltaking og realisering av Aasenkvartalet i Volda. Vedtaket som vart fatta lydde slik:

Kommunestyret sluttar seg til strategien om at Volda kommune saman med samarbeidspartane for Norsk Innovasjonssenter as er aktiv pådrivar for å realisere Innovasjonssenteret i Aasenkvartalet. Vidare rår ein til at Volda kommune i komande budsjett- og økonomiplanprosess avklarar kommunal lokalisering og leigeareal i innovasjonssenteret for å ta del i tverrfagleg utviklingsmiljø på tvers av bransjar, offentlege etatar mv.

Møre og Romsdal fylkeskommune vert invitert med til å delta i realisering av Norsk Innovasjonssenter as og i realisering av Aasenkvartalet i form av leigeavtale og med eigarandelar i utbyggingsselskap og driftsselskap. Det vert vidare rådd til at Helse Møre og Romsdal vert invitert til å vere ein partner i Innovasjonssenteret.

Kommunedirektøren rår til at Volda kommune i samarbeid med Volda Utvikling as tek kontakt med kommunalministeren for presentere planane i Aasenkvartalet og avklare mogleg pilot for statleg nærtenesenter i dette prosjektet.

Kommuneadministrasjonen har arbeidd aktivt i samspel med NIAS for å følgje opp vedtaket og strategien som ein har lagt til grunn med unntak av siste avsnitt som går på pilot for statlege nærtener. Det har vore viktig i denne første fase å få på plass eit fundament og sikring for realisering før ein aktivt går ut å marknadsfører mot nasjonale miljø.

I vedtatt budsjett og økonomiplan for 2023-2026 vart kommunen sitt engasjement synleggjort og ein har budsjetttert inn ein framtidig leigekostnad i innovasjonssenteret på om lag 1,7 millionar kroner pr. år.

Kommunen har arbeidd saman med selskapet, fylkeskommune og høgskule for å finne ein modell som gir selskapet naudsynt underliggende finansiering. Dette er sentralt når selskapet skal inngå ein intensjonsavtale med utbyggingsselskapet (i dag har dette nemning som Aasen eigedom 1) som regulerer framtidig leigeforhold og kostnader. Det er avgjerande for selskapet at ein har sikre garantiavtalar med sterke offentlege aktørar som sikrar det finansielle fundamentet for selskapet på mellomlang sikt (10 år+).

Saka vil bidra til å sikre kapital til oppstart og utvikling i NIAS frå Q3 2023 og fram til opning i nytt bygg i 2026. I denne utviklingsfasen vil det vere viktig å legge fundamentet for trygg, stabil og berekraftig finansieringsgrunnlag for selskapet som reduserer garantibehovet frå eigarar og partnarar på sikt. Kostnader i perioden 2023-2025 vil vere knytt til stillingsressurs i prosjektleiing, administrasjon, styrekostnader, arrangementskostnader og diverse driftskostnader med selskapet. Det er forventa inntektsbringande arrangement i denne fasa og ei tett integrering med fasilitetar på campus (eks. Det nye mediebygget Sivert Aarflot , Volda Campus Arena).

Volda Utvikling AS arbeider med å fylla bygget med leigetakarar. Garantiane som sikrar realisering av Norsk Innovasjonssenter er ein viktig grunnstein i bygget som det vert arbeidd med å realisere i Aasenkvartalet på Campus. Statsbygg har etter konkurranse landa på lokalisering av ca 1800 kvadratmeter nye undervisningslokale for Høgskulen i dette bygget. Volda Utvikling er i dialog med ulike aktørar som leigetakarar, der også hotell kan verte ein del av konseptet. Ein forventar at ev hotell og andre leigetakarar kan bidra positivt og avlaste garantiansvar for knytt til dei større fellesromma i innovasjonssenteret.

NIAS lyt vidare aktivere næringsliv, academia og offentlig verksemd inn mot selskapet sitt formål og fokusområde og med mål om å aktivere, forplikte og sikre berekraftig drift på sikt.

Skal ein lukkast må alle interessentane sjå sin posisjon og rolle i ei oppbyggingsfase og som framtidig aktørar og brukarar av innovasjonssenteret. NIAS ser på eit slikt tentativt prosjektbudsjett for 2023-2025. Som omtalt tidlegare er der ei forventning om at finansiering av prosjektaktivitetar blir dekt delvis av deltakaravgifter og innskoten kapital frå partnerar. (jfr. Tabell 1 under)

	2023	2024	2025
Driftsinntekter			
Aksjekapital	kr 650 000		
Tilskot	kr 3 000 000	kr 500 000	kr 500 000
Andre inntekter	kr 75 000	kr 150 000	kr 300 000
Sum	kr 3 725 000	kr 650 000	kr 800 000
Driftskostnad			
Lønn	kr 350 000	kr 1 400 000	kr 1 400 000
Styrehonorar	kr 150 000	kr 300 000	kr 300 000
Andre kostnader	kr 75 000	kr 300 000	kr 300 000
Sum	kr 575 000	kr 2 000 000	kr 2 000 000
Resultat	-kr 3 150 000	kr 1 350 000	kr 1 200 000

Tabell 1

Det vil vidare vere avgjerande at selskapet har stabile rammevilkår med ein sikker kontantstraum i eit lengre tidsperspektiv for å sikre leigeavtalar, drift og andre forpliktingar. (Jfr. Tabell 4 under)

Statusbildet mars 2023 er at høgskulen og Volda kommune handsamar sak om finansiering og at selskapet har dialog med fylkeskommunen om same type deltaking (Jfr. Tilsegn 2016-125 og 2019-125)

Det er vidare arbeidd med å sikre privat kapital som forankrar prosjektet mot næringslivet. I første fase har Sparebanken Møre og Tussa bekrefta at dei er partnerar i selskapet. (Jfr Tabell 4 under)

Vidare har Sunnmøre Kulturnæringshage signalisert tilskot til selskapet og Volda næringsforum har bekrefta tilskot kr 100 000 til selskapet.

Selskapet har idag signerte intensjonsavtalar som vist i Tabell 2 under. Areal som det er naudsynt med garantiavtale på er merka med gult. I fase framover vil ein arbeide vidare for å utvide selskapet sin posisjon og handlingsrom for utviding utover dei leigeareal som går fram av Tabell 2 nedanfor. Det er like fullt viktig at vi innan kort tid signerer ein intensjonsavtale kring leige for å få ei rask framdrift av prosjektet.

Tabell 2

For å sikre finansiering og garanti (leige) har selskapet saman med andre involverte sett på moglege modellar for å sikre grunnlaget for senteret. Modellane, tabell 3 og 4, nedanfor viser

grunnlaget som ein legg til grunn i noverande fase, men modellane kan utviklast og justerast når fleire kjem til.

NIAS si arbeidsmatrise for finansiering av leigeareal:

NIAS - finansiering av leigeforpliktelsar				
	Areal m2	Leigekostnad	Avtaletype	Avtalepart
Garanti handlingsrom	500	kr 1 750 000	% Garanti	kommune, fylkeskommune, høgskule og partner
Garanti framtidssløyd	160	kr 560 000	% Garanti	kommune, fylkeskommune, høgskule og partner
Garanti møterom	270	kr 945 000	% Garanti	kommune, fylkeskommune, høgskule og partner
Garanti cellekontor, utleige	105	kr 367 500	% Garanti	kommune, fylkeskommune, høgskule og partner
Garanti arbeidsallmenning	350	kr 1 225 000	% Garanti	kommune, fylkeskommune og partner
Intensjonsavtalar signert kontor	310	kr 1 240 000	Avtalar	Ulike firma
Avtalar		kr 1 240 000		
Garantiar		kr 4 847 500		
Sum garanti og avtale		kr 6 087 500		
Sum areal og leigeforpliktelse	1695	kr 6 087 500		

Tabell 3

Tentativ garantimatrise for NIAS der kommune, fylkeskommune og høgskule er viktige partnarar.

Arlege garantibeløp							
Framtidsløynd		160m2		Cellekontor		105m2	
	Lengd garanti	Prosent fordeling	Sum		Lengd garanti	Prosent fordeling	Sum
Volda kommune	10	25 %	kr 140 000	Volda kommune	10	25 %	kr 91 875
Møre og Romsdal fylke	10	25 %	kr 140 000	Møre og Romsdal fylke	10	25 %	kr 91 875
HiVolda	10	25 %	kr 140 000	HiVolda	10	25 %	kr 91 875
Andre	5	25 %	kr 140 000	Andre	5	25 %	kr 91 875
Sum		100 %	kr 560 000	Sum		100 %	kr 367 500
Handlingsrom		500m2		Møterom		270m2	
	Lengd garanti	Prosent fordeling	Sum		Lengd garanti	Prosent fordeling	Sum
Volda kommune	10	27,62 %	kr 483 350	Volda kommune	10	25 %	kr 236 250
Møre og Romsdal fylke	10	27,62 %	kr 483 350	Møre og Romsdal fylke	10	25 %	kr 236 250
HiVolda	10	27,62 %	kr 483 350	HiVolda	10	25 %	kr 236 250
Sparebanken Møre	10	17,14 %	kr 299 950	Andre	5	25 %	kr 236 250
Sum		100,00 %	kr 1 750 000	Sum		100 %	kr 945 000
Garantibeløp		Andre avtalar		Arbeidsallmenning		500 m2	
	Lengd garanti	Prosent fordeling	Sum		Lengd garanti	Prosent fordeling	Sum
Volda kommune	kr 1 257 725	kr 525 000	kr 1 782 725	Volda kommune	10	25 %	kr 306 250
Møre og Romsdal fylke	kr 1 257 725			Møre og Romsdal fylke	10	25 %	kr 306 250
HiVolda	kr 1 257 725			HiVolda	10	25 %	kr 306 250
Sparebanken Møre	kr 299 950			Andre	5	25 %	kr 306 250
Sum	kr 4 073 125			Sum		100 %	kr 1 225 000
Leigeavtale, kostnad	kr 6 087 500						
Usikkerheit	-kr 2 014 375						
Sparebanken Møre	kr 3 000 000	Handlingsrommet					

Tabell 4

I vidare arbeid og fase framover må ein få ein indikasjon frå Volda kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune, Høgskulen i Volda om kor mykje desse ser for seg å nytte dei ulike roma ein garanterer for. På denne måten vil det kome fram og kor mykje av garantibeløpet som eigentleg er dekt inn og kva som er reelt attståande garantibeløp.

Garantibeløpet vil berre kome til utbetaling dersom dei samla leigeinntektene i innovasjonssenteret ikkje vil vere tilstrekkeleg til å dekke inn husleige.

Partane som skal garantere for leigeinntekter (Jfr. garantimatrise i Tabell 4 over) bør i løpet av 2023 einast om både korleis garantibeløpet skal reknast av, og korleis modellen bør utviklast best mogleg. Det vil vere viktig for selskapet at det er tilstrekkeleg kapitalisert opp slik at ein er i stand til å forskottere leigekostnaden på desse «garantiareala» dersom ein skulle oppleve manglande inntekter ei periode. Ei mogleg løysing er å legge opp til

kvartalsvis avrekning og lage til ein avtale der garantistane får att utbetalte garantibeløp dersom det skulle bli «overskot» på framtidige leigeinntekter.

Newtonrom

Volda kommune har i samarbeid med Sparebanken Møre sett på moglegheit til å legge til rette for eit Newtonrom i same bygget. Newtonrom er ein læringsarena der barn og unge skal oppleve engasjement, praktisk arbeid og meistre realfag.

Newtonrom gir praktisk undervisning i matematikk, naturfag og teknologi til skuler og barnehagar. Gjennom kvalitetssikra og læreplanbaserte undervisningsopplegg får barn og unge nytte spanande utstyr og varierte, utforskande arbeidsmetode.

Undervisning i Newton-rom er med ein eller fleire Newton-lærarar som er vert tilsett av kommunen. Desse lærarane underviser elever frå heile kommunen når klassene kjem på besøk. Omfang av stillingsressurs varierer med kommunen sin storleik og kva ein vil at Newton skal vere.

Ein Newton-lærer er ein stillingsressurs for heile kommunen.

Sparebanken Møre vil utruste Newtonrom og kommunen vil stå for leigekostnad og lærarressurs. Sjå eige vedlegg om Newtonrom.

Samla oversikt over kostnader for Volda kommune

Engasjementet til Volda kommune er itråd med budsjettføresetnadane som vart vedtatt desember 2022 i økonomiplan 2023-26. I økonomiplanen la ein til grunn ei økonomisk deltaking på om lag 1,7 millionar kroner fordelt på ulike areal og rom.

Som tabell 5 nedanfor viser er dette regulert i både ordinær leigeavtale (Newtonrom) og det som vert å vurdere som garantiar som omtalt under tabell 4.

Volda kommune	Areal m2	Prosent	Leigepri - 4000	Avtalepart	Avtaletype
Newtonrom	150	100 %	kr 525 000	VUAS	Ordinær
Garanti handlingsrom	500	28 %	kr 483 350	NIAS	Garanti
Garanti framtidssløyd	160	25 %	kr 140 000	NIAS	Garanti
Garanti møterom	270	25 %	kr 236 250	NIAS	Garanti
Garanti cellekontor	105	25 %	kr 91 875	NIAS	Garanti
Garanti arbeidsallmenning	500	25 %	kr 306 250	NIAS	Garanti
Midlar i økonomiplan			kr 1 700 000		
Avtalar			kr 525 000		
Garantiar			kr 1 257 725		
Sum garanti og avtale			kr 1 782 725		
Reservepost			-kr 82 725		

Tabell 5

Det er forventa at realisering av konseptet Norsk Innovasjonssenter vil kunne gi store synergjar for Høgskulen og privat og offentleg næringsliv i heile regionen. Det har vore jobba ei god stund med planane for dette. Etter nyttår har konseptet vorte spissa og det er jobba for å kople på partnerar som er villig til å gå inn i prosjektet. Det er alltid risiko med å jobbe

med slike utviklingsprosjekt, og skal ein få det til så gjeld det å handle når tida er der. Slik kommunedirektøren ser det, er denne tida no. Det er avgjerande at fylkestinget i Møre og Romsdal fylkeskommune og styret for Høgskulen også gjer nødvendige vedtak som bidreg i kapitalutvidinga i selskapet Norsk Innovasjonssenter AS og stiller garantiar for dei store fellesareala i senteret.

Konklusjon

Kommunedirektøren rår til Volda kommune går inn i denne store satsinga og gir oppstarts- og prosjektstøtte for perioden 2023-2025 på 600 000 kr (aksjar i selskapet for 250 000 kr og eingongstilskot til selskapet på 350 000 kr). Kommunedirektøren vil rå til at kommunestyret løyver dette som ein eingongssum med dekning frå ubunde disposisjonsfond.

Kommunedirektøren finn grunnlag for å tilrå ei slik løyving i ei ekstrasak som unntak utanom budsjetthandsaminga. Slike utviklingssaker vert jobba fram gjennom partnerskap mellom fleire partar der timinga må tilpassast framdrifta i prosjektet.

Vidare rår kommunedirektøren til at Volda kommune følgjer opp intensjonane som har vore lagde til grunn i tidlegare saker og at ein inngår intensjonsavtale med Norsk Innovasjonssenter AS. Intensjonsavtalen vil regulere leige og garantivilkår mellom kommune og selskap.

Ein rår vidare til at ein går saman med Sparebanken Møre for å realisere eit Newtonrom i Volda på campus som skissert i saka.

Kommunedirektøren rår til aksept for at kommuneadministrasjonen held fram med å gi Norsk Innovasjonssenter AS fagleg bistand til at dei får gjennomført emisjonen/kapitalutvidinga og får styret på plass.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ikkje vurdert

Konsekvensar for folkehelsa: Ikkje vurdert

Miljøkonsekvensar: Ikkje vurdert

Økonomiske konsekvensar: Ein nyttar disposisjonsfond og tiltaket vil ha framtidige driftskonsekvensar. Driftsutgifter er i tråd med vedteken økonomiplan.

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen

Konsekvensar for barn og unge: Investeringa vil ha positiv effekt for barn og unge

Har eldreråd, råd for personar med funksjonsnedsetting og ungdomsråd fått saka til uttale?

Nei

Rune Sjurgard
Kommunedirektør

Utskrift av endeleg vedtak:

Norsk innovasjonssenter AS